

**Fra:** [Johann Roppen](#)  
**Til:**  
**Emne:** Nyhendebrev nr. 31, 16. september 2021  
**Dato:** torsdag 16. september 2021 11:16:35

---

Høgskulen i Volda



## Nyhendebrev nr. 31/2021

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda, 16.9.2021.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)

Animation Volda



### Birgitte Fondevik har vorte dosent i norsk

[Førstelektor Birgitte Fondevik](#), AHL, har fått fagleg opprykk til dosent etter å ha fått ei positiv kommisjonsvurdering på ei stilling ho søkte ved Oslomet. Fondevik har blant anna fått stipend innanfor Høgskulens interne ordning for professor/dosentstipend, og Fondevik var den første som gjekk dosentvegen gjennom ordninga.

**LES MEIR**

### Studentar og tilsette kan gå til VR-filmen

Fredag 17. september får studentar og tilsette ved Høgskulen i Volda sjansen til å vere filmstatistar i ein film om VR-teknologi. Videoen skal inngå i utprøving av VR-teknologi i profesjonstreningprogram ved HVO. Filmene inngår i eit pilotprosjekt og skal brukast som forskings- og utprøving grunnlag.

**LES MEIR**



## Ledige midlar til forskingssøknader

Det er er framleis nesten kr 800.000 i ledige midlar på kontoen for Såkornmidlar, som skal nyttast til å utvikle søknader på eksterne forskingsmidlar. Dei neste søknadsfristane er 23. september og 11. november og søknadene vil bli behandla i Forskingsutvalet.

[LES MEIR](#)



## Harald Krøvel: Skodjesoga

[Høgskulelektor Harald Krøvel](#), ASH, har no kome ut med første band av Skodjesoga- Krøvels band tek føre seg tida fram til 1894. Band 2 har Eldar Høidal skrive. Band 1 er ei breidt anlagt lokalhistorie som både fortel om de spesielle med Skodje, men også plasserer den i ein større samanheng.

[LES MEIR](#)

## Korona

### Lite korona i Volda - framleis smitte i regionen

Det er framleis ikkje meldt om smitte blant studentar eller tilsette ved Høgskulen i Volda. Det er framleis nokre få nye tilfelle av korona i Ørsta og Volda. [I Ålesund og på Nordre Sunnmøre har smittetala gått nedover.](#)

### Følg med på informasjon frå kommunen og Høgskulen i Volda

Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda/Ørsta kommune sine nettsider der det er oppdatert informasjon om korona.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

[Koronainformasjon frå Ørsta kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Ålesund kommune.](#)

## Studium og studentliv:

**Oppgåvetid: Studentassistentane til teneste**

Høgskulen har i år tilsett svært mange studentassistentar som ein del av regjeringas koronatiltak. Nokre av assistentane er tilgjengelege gjennom biblioteket og kan blant anna hjelpe til med problem kring oppgåveskriving. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### **Alle har fått nye timeplanar - sjekk den nye planen**

Det har kome nye timeplanar/romplanar for oktober til desember. [Dei nye timeplanane ligg på nettsidene våre](#) og alle tilsette og studentar bør gå inn for å sjekke kva endringar som har kome på sine studium.

### **Nominasjon til høgskulestyret - frist 16. september**

Fram til 16. september er det mogleg å nominere kandidatar til valet av studentrepresentantar til høgskulestyret. Det skal veljast to faste representantar for eitt år, og med to vara. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## **Styre og stell og høgskuleområdet:**

### **Knuste rute på biblioteket**

Ved midnatt mellom måndag og tysdag har ein ruteknusar vore på ferde og kasta stein gjennom ei av dei største rutene på biblioteket. Statsbygg vil syte for å skifta ruta, men det vil diverre ta nokre veker før det vert gjort. Steinkastinga kostar ca kr 10-15.000.

### **Høgskulens strategiplan ut på intern høyring**

Høgskulestyret har vedteke å legge ut utkast til ny strategiplan på høyring internt på Høgskulen. Direktør inviterte til høyringa måndag 14. september, og høyringsfristen er 7. oktober. Dokumenta er tilgjengelege i Public360.

### **Styremøtet på video - nokre dagar**

Opptak av styremøtet 9. september er tilgjengeleg på video nokre få dagar framover om du er interessert i å høyre det som vart sagt på møtet. [Sjå video frå styremøtet her.](#) Protokoll frå styremøtet blir tilgjengeleg [på dei vanlege nettsidene til høgskulestyret.](#)

### **Høyring om langtidsplanen - les Høgskulens høyringssvar**

Regjeringa har invitert til ei brei høyring om Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning for 2023-2032. Høgskulen i Volda har også sendt inn høyringssvar og legg blant anna vekt på regionale omsyn og forskning og formidling på norsk språk - blant anna som eit tiltak for å oppretthalde tillit til forskning. [Les høyringssvaret frå Høgskulen i Volda og alle andre høyringssvara her.](#)

### **Regjeringa foreslår digital strategi for høgare utdanning**

Regjeringa sende 11. september ut ein strategi for digitalisering i høgare utdanning. Strategien har blant anna som mål at utdanning skal bli meir tilgjengeleg, at digitale tema skal inn i alle fag og at forskinga skal bli meir open og kunnskap og data bli meir delt mellom høgskular og

universitet. [Les heile strategien her.](#)

## Institutt skiftar namn

Institutt for Digital kompetanse har blitt det nye namnet på det tidlegare Institutt for digital kompetanse i læring. Grunnen til namneskiftet var eit ønske om å få eit kortare namn og ikkje endra aktivitet på instituttet.

## Fag og forskning:

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no).

## Pris for kvalitet i utdanninga - frist 31.10. for å kome med framlegg

Prorektor Odd Helge Tonheim har invitert alle tilsette og Studentparlamentet til å kome med framlegg på kandidatar til Pris for kvalitet i utdanninga. Fristen er 31. oktober. [Les meir om statuttar for prisen og tidlegare prisvinnarar på nettsidene våre.](#)

## MA-søknad til NOKUT: Kulturfagleg praksis

Høgskulen i Volda har søkt NOKUT om akkreditering av ein ny mastergrad: Master i kulturfagleg praksis. Det er Avdeling for kulturfag (AKF) som står bak søknaden, og mastergraden vil kunne gje alle studentar på dei fem bachelor-gradene på AKF høve til å bygge på med eit masterstudium. Mastergraden kan også gi grunnlag for opptak på PPU og dermed gi kompetanse som lektor. Mastergraden kan truleg ikkje starte før hausten 2023 og i tillegg til NOKUT skal også Høgskulestyret og Kunnskapsdepartementet godkjenne start av det nye tilbodet. Med ein master også for kulturfaga vil det vere minst eitt mastertilbod for alle bachelorutdanningar på Høgskulen i Volda.

## Erik Fooladi blir gjesteprofessor ved italiensk universitet

[Førsteamanuensis Erik Fooladi](#), AHL, har teke til i eit to månaders engasjement som gjesteprofessor ved Universitetet i Modena og Reggio Emilia. Eigentleg skulle Fooladi reise til Italia sommaren 2020, men på grunn av pandemien har gjesteprofessoratet vorte nettbasert. Fooladi skal undervise på ph.d.-programmet Reggio Childhood Studies og har laga eit undervisningsopplegg med tittelen «Food and food experiences as transdisciplinary inquiry in education and non-formal contexts».

## Seminar: Skapande prosessar i eldrehele

[Forskargruppa "Skapande læringsprosessar i musikk"](#) arrangerer seminar på Høgskulen i Volda 30. september: "Skapande prosessar i eldrehele". Arrangementet er passande nok lagt til konsertsalen i Henrik Kaarstad-huset. [Her er meir informasjon og lenke til påmelding.](#)

## Nettverkstreff: Foredrag om hersketeknikkar ved Linda Fluge

Psykolog og bildekunstnar Linda Fluge held foredrag på Høgskulen i Volda 7. oktober. Tittelen på foredraget er: "Hersketeknikker – hva er det og hvordan håndtere dem?". Nettverkstreffet er ope for alle kvinnelege fagtilsette ved Høgskulen i Volda. [Informasjon og påmelding finn du her.](#)

## SEANSE arrangerer småkunstfestival i Oslo 16.-19. september

SEANSE, Senter for kulturproduksjon ved Høgskulen i Volda arrangerer 16.-19. september Småkunstfestivalen i Oslo. Dette skjer i samarbeid med Den Norske Opera og Ballett og Ultima Festivalen. [Les meir på nettsidene til Seanse.](#)

## Kulturkalender:

Kulturkalender for dei komande vekene - idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater I Ørsta kino](#)

- 17.9.2021: [Montasjar](#), Fosnavåg konserthus
- 17.9.2021: [Terje Sporsem - Absolute Norsk](#), Ørsta kulturhus
- 23.-26.9.2021: [Animation Volda](#), filmfestival, Volda
- 24.-28.9.2021: [Forskingsdagane 2021](#), Høgskulen i Volda
- 25.9.2021: [Fotball, kvinner: Voilda - Træff](#), Volda Stadion
- 25.9.2021: [Kaptein rødskjegg & sjørøvarane](#), Ørsta kulturhus
- 26.9.2021: [Fotball, menn: Volda - NTNUI](#), Volda Stadion
- 26.9.2021: [Handball: Volda - Grane Arendal](#), Volda Campus Sparebank1 Arena
- 30.9.2021: [Jazzklubben: Maiden Voyage/Funk Ups](#), Porse
- 1.10.2021: [Fri flyt film Tour 2021](#), Rokken
- 9.10.2021: [Bernhoft, Rokken](#)
- 10.10.2021: [Fotball, kvinner: Volda - Hødd](#), Volda Stadion
- 12.10.2021: [Riksteateret: Are Kalvø toppar VG-lista](#), Ørsta kulturhus
- 15.10.2021: [Oslo Ess](#), Rokken
- 16.10.2021: [Oktoberfest](#), Rokken
- 16.10.2021: [Fotball, menn: Volda - Strindheim](#), Volda Stadion
- 16.10.2021: [Volleyball: KFUM Volda - Randaberg](#), Volda Campus Sparebank1 Arena
- 17.10.2021: [Handball: Volda - Gjerpen Skien](#), Volda Campus Sparebank1 Arena
- 22.10.2021: [Alpaca Ensemble](#), Jazzklubben
- 22.-23.10.2021: [Klypa: 20 år og like forbanna](#), Ørsta kulturhus
- 23.10.2021: [Volleyball: KFUM Volda - Koll](#), Volda Campus Sparebank1 Arena
- 28.10.2021: [Jazzklubben: Isiazz med Dagny Anna](#), Porse
- 30.10.2021: [Fotball, menn: Volda - Kolstad](#), Volda Stadion
- 31.10.2021: [Handball: Volda - Haslum Bærum](#), Volda Campus Sparebank1 Arena

## Nytt om tilsette - ledige stillingar:

### Synnøve Moltudal har vorte førsteamanuensis

[Høgskulektor Synnøve Moltudal](#) har vorte tilkjent kompetanse som førsteamanuensis i

pedagogikk etter at ho tidlegare i 2021 disputerte for doktorgraden og deretter fekk godkjent søknaden om opprykk.

### **Cato Bjørndal kalla til dosent II-stilling**

[Dosent Cato Bjørndal](#) ved Universitetet i Tromsø er kalla til stilling som dosent II ved Høgskulen i Volda. [Dette bestemte Høgskulestyret i styremøtet 9. september 2021](#). Bjørndal tek til i stillinga seinare i haust og vert tilknytt Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning og skal særleg arbeide med rettleiing og mentorering.

### **To ledige stillingar i samfunnsfag på Høgskulen i Volda - søknadsfrist 1.10.**

Høgskulen i Volda har to ledige stillingar, begge med søknadsfrist 1. oktober 2021. Den eine stillinga er ei stipendiatstilling i samfunnsfagsdidaktikk, og den andre stillinga er som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i samfunnsvitskap i lærarutdanninga. [Her er lenke til våre ledige stillingar](#).

## Publiseringar:

### **Send gjerne tips!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

### **Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

### **Marina Cano om Lacan**

[Førsteamanuensis Marina Cano](#), AHL/Engelsk, har publisert eit bokkapittel med tittelen «Lacan, Film, and the Disabled Body» i boka [The Body in Theory: Essays after Lacan and Foucault](#) på forlaget McFarland.

### **Jon Olav Myklebust om spesialklasser og lærarassistentar og sårbar ungdom**

Professor em. Jon Olav Myklebust har publisert artikkelen: "Fungerer spesialklasse og lærarassistentar som hjelpetiltak for sårbar ungdom?" i tidsskriftet Spesialpedagogikk, nr 04/2021.

### **Myklebust og Båtevik i European Journal of Special Needs**

Professorane Jon Olav Myklebust (em.) og [Finn Ove Båtevik](#), begge ASH, har publisert artikkelen «[Special needs provision and economic independence among young adults with disabilities: A longitudinal study](#)» i tidsskriftet European Journal of Special Needs (nivå 2).

## Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

### **Haustsemesteret 2021:**

16.-19.9.2021: [SEANSE: Småkunstfestivalen](#), Oslo  
19.9.2021: ASH, Avdelingsseminar  
24.8.2021: [Forskingsutvalet](#)  
24.-28.09.2021: [Forskingsdagane 2021](#)  
29.-30.09.2021: [Karrieredagane 2021](#) (Ørstahallen)  
6.10.2021: [Utdanningsutvalet](#)  
7.10.2021: [Forskingsutvalet](#)  
18.10.2021: Opplæring i bruk av ARK (Arbeidsmiljøkartlegging) 2021, AMU  
20.10.-21.10.2021: [Styreseminar og styremøte](#)  
26.10.2021: Opningsmarkering Sivert Aarflot-huset - avduking av kunstverk  
3.-4.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)  
24.11.2021: [Utdanningsutvalet](#)  
25.11.2021: [Forskingsutvalet](#)  
9.12.2021: [Styremøte](#)  
15.12.2021: [Utdanningsutvalet](#)

## Faste lenker:

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

### **REKTORBLOGGEN**

[Bjørnstjerne Bjørnsons «Redaktøren» \(1874\) – og i dag?](#) 10. september 2021

[Orientering til høgskulestyret, 9. september 2021](#) 8. september 2021

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

### **STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:**

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)


[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post:  
[postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)